



Voss herad

Årsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029

Gjennomgang av rådmannen sitt framlegg
Finansråd 06.11.2025

Agenda (9.15-11.450)

- Informasjon (9.15-10.05)
 - Overordna - 15 min
 - Kommunalavdelingane - 30 min
 - Det store biletet - 5 min
- Spørsmål (10.20-11)
- Gruppediskusjon (11-11.45)
 - Grupper
 - Plenum

Årsbudsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029

Rådmannen sitt framlegg



Foto: Tor Halvorsen

Grafikk og nøkkeltal

2 048 228



Totale driftsinntekter

0,2 %



Driftsresultat i prosent av
driftsinntekter

Driftsramme for 2026



Investeringar i 2026



Endring driftsbudsjett




Utvalde nøkkeltal



Korleis lesa og forstå budsjett og øk.plan?

- Tal i 1000 kr
- Inntekter har minusforteikn og utgifter har positivt
- Vedtaksnivå: Forskriftskjema
- Rammestyring
- Tenesteområde: mål, handlingsdel og tiltak
- Tiltak – endring i høve dagens nivå (ikkje summering)



Hovudprinsipp, økonomisk plan


- Løpande inntekter skal dekkja løpande utgifter med ønska nivå på finansielle måltal
- Realisme
 - Prognosar basert på aktuell info
 - Nye behov
 - Forsiktigheitsprinsipp
- Føreseielegheit - byggjer på eksisterande økonomiplan og tiltaka der
- Rammestyring
- Fordeling av rammer til 15 tenesteområde
 - Vesentlege endringar er vist med tiltak

Tenesteområde
Administrasjon og leing
Grunnskule
Barnehage
Barne- og familietenestene
Helse
Omsorg
Sosialtenester
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)
Plan, næring og forvalting
Samferdsel
Eigedom og bustad
Brann og ulukkesvern
Vatn, avlaup og renovasjon
Politisk styring
Finansielle postar/økonomi

Fordeling av Voss herad sine inntekter (budsjett 2026)




Sum: 2,05 mrd.kr i inntekter



Måltal

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter


Grafen er i %



Måltal	Minimum	Mål	Skildring
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,75 %	2,5 %	Syner om drifta er finansiert av inntektene for perioden.
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	5 %	7 %	Syner kor store reservar kommunen har.
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	Ikkje relevant	65 %	Syner gjeldsgraden, der målsettinga er at denne er stabil over tid.


Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter

Grafen er i %



Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter

Grafen er i %



Kraftinntekter og -utgifter

- Både inntekter og utgifter
- Voss har rett til å kjøpa ca 71 GwH – sel ca 62 GwH
- Nokre av inntektene er sikre, andre er det ikkje

	2026	2027	2028	2029
Konsesjonsavgift	- 8 000	- 8 000	- 8 000	- 8 000
Avsetting til Kraftfond	8 000	8 000	8 000	8 000
Naturressursskatt	- 12 600	- 12 600	- 12 600	- 12 600
Eigedomsskatt kraftverk	- 30 000	- 30 000	- 30 000	- 30 000
Kjøp av konsesjonskraft	10 000	10 300	10 600	10 900
Sal av konsesjonskraft	- 35 000	- 35 000	- 35 000	-35 000


Finans

- Høgare rentenivå enn venta i fjor
- Lågare investeringsplan


Korleis påverkar lån Voss herad?

- Lånerente
 - Betydeleg dyrare å finansiera lån
 - 4x rentenivået våren 2021
- Auka gjeld i økonomiplanperioden
 - Belastar drift gjennom rente og avdrag
 - 10 mill.kr i nytt lån → avhenger av kva me investerer i
 - Kort levetid (eks 15 år) - ca 1,1 mill.kr pr år
 - Lang levetid (eks 50 år) - ca 0,65 mill.kr pr år

Styringsrenta



Markedsdata



Hovudtrekk økonomiplan

- Positiv utvikling i finansielle måltal, men marginalt

- Tiltak for å løysa utfordringar:

1.Må realisera omstilling i perioden – Voss iPluss2027

- Tiltak frå 2025 (vedteke mai 2025) er i stor grad vidareført med heilårsverknad (nokre nedjustert)
- Tabell i eige kapittel viser innsparingar + vist som øk.plantiltak på tenesteområda
- Behov for innsparingar tilsvarande 82 mill.kr i 2027

2. Handtera nye behov

3. Eigedomsskatt for bustad og fritidsbustad er auka med 1 promille

4. Redusert investeringsplan og låneopptak

- Nedjustering av inntekter og utgifter med flyktninghandtering
- Justering sentrale pensjonspostar



Hovudtrekk økonomiplan

- Auka løyvingar for nokre område i starten av perioden med nedtrapping.
- Største i oppvekst:

Tiltak	↓ 2026	2027	2028	2029
Auka ressursbehov barnevern	31 000	29 000	25 000	25 000
Auka ressursar til born med store hjelpebehov i skulen	15 000	10 000	10 000	10 000
Auka ressursbehov barnehage	8 500	6 000	4 000	4 000
Redusert makspris barnehage	6 000	6 000	6 000	6 000
Auka budsjettramme til vikarutgifter skule	3 000	3 000	3 000	3 000

- Største i helse og omsorg:

Tiltak	↓ 2026	2027	2028	2029
Fleire brukarar med behov for heildøgnsomsorgstilbod gitt av eksterne	8 850	18 850	18 850	18 850

Anna budsjettauke:

- Lisensar
- Forsikring
- Arbeidsklede
- Utbygging breiband
- Reg.plan Bømoen
- Home-start
- Etableringstilskot fastlegekontor

Gebyr og tilskot

- Gebyr er auka der me kan – rundt 3,5-5 % auke
- Nokre er auka meir
 - Gebyr brannførebygging feiing – 20 %
 - Septik – 10 %
 - Plangebyr og oppmåling – 20-25 %
- Nokre er uendra
- Nokre går ned
 - Makspris barnehage – minus 40 %
- Faste tilskot er uendra



Økonomisk handlingsrom

- Auka inntekter – rammetilskot, brukarbetaling, eigedomsskatt
 - Ynskjer de å auka inntekter/prisar for å prioritera løvingar til særskilde føremål?
- Redusera utgifter – innsparingar, Voss iPluss2027
 - Ynskjer de å gjera omprioritera løyvingar for å prioritera løvingar til særskilde føremål?
- Omdisponering – endra prioriteringar
 - Ynskjer de å omprioritera midlar mellom tenester/brukargrupper/tilbod?
- Endringar i disponering – endra finansielle måltal
 - Auka/redusera netto driftsresultat
 - Auka/redusera disposisjonsfond

Andre mål og satsingsområde

- Øk.plan skal vera handlingsdel til samfunnsdel. Ny plan ikkje vedteke endå. Førebels framlegg til mål:
 - Voss er ein **attraktiv stad** å bu, besøkja og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern
 - Voss er **bygd for alle**, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap
 - I Voss **kuttar me klimagassutsleppa** og tek vare på naturen for framtidige generasjonar
 - I Voss er me budd på å **handtera større uynskte hendingar**
 - Voss herad er ein **berekraftig kommuneorganisasjon**, økonomisk robust med tenester på rett nivå
- Innovasjon og digitalisering
- Voss herad som attraktiv og god arbeidsplass



Klimabudsjett

- Vossaklima 2030 vil gje mål og retning.
 - Direkte utslepp: - 69 % innan 2030.
 - Indirekte utslepp: redusera forbruket vårt
 - Natur: ta vare på naturmangfaldet og sørgja for høgt karbonopptak i naturen.
 - Klimatilpassing: førebu oss på klimaendringane
- Klimabudsjett er førebels budsjett over klimatiltak
 - Midlar til klimatiltak: 750 000 kr
 - Transport, landbruk, natur og ombruk
 - Midlar til bilar ligg i investeringsplan – krav om fossilfrie køyretøy



Investeringsplan 2026-2029

- Stort investeringsbehov
 - Finansiering:
 - Lån
 - Brukar noko inntekter frå konsesjonskraft og sal av eigedom til investering
- Framlegget
 - Kortsiktige og langsiktige investeringsbehov
 - Redusert investeringsplan i høve innmeldt behov
 - Større investeringar: Bjørkemoen, rehab.Gamlekino, vass og avløpsanlegg, rehab.oms.bustader, høgderisiko brannvern



Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Investeringar i varige driftsmidar	116 398	341 551	322 351	208 803	174 925	108 188	55 125
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	3 806	3 400	3 428	3 400	3 400	3 400	3 400
Utlån av egne midlar	0	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	852	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	121 056	344 951	325 779	212 203	178 325	111 588	58 525
Kompensasjon for meirverdiavgift	-17 720	-46 102	-46 182	-19 203	-16 625	-5 278	-7 850
Tilskot frå andre	-59 679	-17 988	-17 988	-14 500	-11 000	-10 000	-10 000
Sal av varige driftmiddel	-1 971	0	0	-5 000	-10 000	-10 000	-10 000
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	-200	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-38 048	-270 860	-251 608	-163 919	-133 300	-77 910	-22 275
Sum investeringsinntekter	-117 617	-334 951	-315 779	-202 621	-170 925	-103 188	-50 125
Vidareutlån	23 784	40 000	40 000	45 000	50 000	50 000	45 000
Bruk av lån til vidareutlån	-23 784	-40 000	-40 000	-45 000	-50 000	-50 000	-45 000
Avdrag på lån til vidareutlån	61 510	15 200	15 200	15 000	16 000	18 000	19 000
Mottatte avdrag på vidareutlån	-18 705	-15 200	-15 200	-15 000	-16 000	-18 000	-19 000
Netto utgifter vidareutlån	42 805	0	0	0	0	0	0
Overføring frå drift	-4 206	-10 000	-10 000	-7 400	-7 400	-8 400	-8 400

Finansiering

Avsettingar og disposisjonar

- Avsettingar – set av pengar for ulike føremål i framtida og for å nå måltal
- Vesentlege planlagde avsettingar:

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
<i>driftsresultat</i>							
Overføring til investering	4 206	10 000	4 084	7 400	7 400	8 400	8 400
Avsettingar til bundne driftsfond	13 509	6 400	10 023	10 250	11 050	9 550	9 550
Bruk av bundne driftsfond	-10 880	-11 183	-9 783	-11 008	-9 883	-9 883	-9 883
Avsettingar til disposisjonsfond	0	19 244	0	0	6 680	3 854	16 404
Bruk av disposisjonsfond	-34 595	-7 700	-19 670	-3 400	-3 400	-3 400	-3 400
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-27 760	16 761	-15 346	3 242	11 847	8 521	21 071
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0	0


- Fond - Bunde vs ubunde

Presentasjon frå tenesteområda

Det store utfordringsbilete



Tidleg innsats



«Vellykkede tiltak i oppveksten kan innvirke på hele livsløpet med betydning både for den enkeltes livskvalitet og for evnen til å bidra til fellesskapet framfor å trenge bistand.»

Døme framtidsbilete for personar med store hjelpebehov


- Brukar X
 - Ressursbehov 2 til 1
 - Ung brukar
 - Refusjon

Brukar X	Utgifter
2025	8,9 mill
2026	9,2 mill
2035	12 mill
2055	21,6 mill

Utgiftene er berekna med 2025 som grunnlag, justert for en årleg prisvekst på 3 %.

Framtidsbilete for personar med store hjelpebehov

Med ei årleg prisauke på 3% og uendra ressursbehov vil brukaren kosta til saman ca. **700 millionar** dei neste 30 årene.



Helse og omsorg

- Kva er endringane?

	Budsjettauke 2026	Innsparing
Helse	3,7 mill (ned til 1 mill frå 2027)	
Omsorg	9 mill.kr i 2026, 19 mill.kr i 2027, deretter ytterlegare demografikostnader	19 mill i 2026, 23 mill i 2027 deretter 27,5 mill frå 2028
Sosialtenester		2,5 mill i 2026, 1 mill i 2027

Kvifor tilrår me endring?

Dekke nye omfattande vedtak

Auke fast bemanning legekantor

- Dekke nye behov (journalssystem)
- Rekruttering framtida og struktur

Avdeling for menneske med nedsett funksjonsevne

- Trenden dei siste to åra har vore auke i søknad til born og unge som har komplekse utfordringar (22 søknadar i 2024, 36 søknadar per 1. November 2025)
- 13 personar har privat avlasting. Det er utfordrande å rekruttera avlastingsheimar.
- 22 personar avlasting institusjon. Opptil 100% avlasting (barnebustad).
- 39 døgnbemanna bustadar – venteliste.



Avdeling førebygging og rehabilitering



- Ser ein generell auke i tal pasientar
- Fleire på eit lågare nivå i omsorgstrappa
 - Ein auke i blant anna kursdeltakarar hjå friskliv og meistring
 - Ein auke i pasientmengd hjå næringsdrivande fysioterapeutar
- Har to vakante stillingar i legetenesta, desse er ved Voss legekontor
 - Desse skal tilbakeførast til næringsdrivande som formannskapet vedtok i haust
 - Søknadsfristen på desse midlane er på fredag 07.11
- To nye legespesialistar starta på måndag 03.11 ved Voss legekontor



Avdeling for psykisk helse og rus



- Snittalder 43 år – psykisk helseteneste og miljøterapi rus
- Uendra kveld- og helgearbeid
- 80 søkjarar, 20 avslag (lågterskeltilbod istadenfor vedtak) per 1. november 2025.
- Gruppetilbod og 1:1 samtalar på kveld og helg (pårørandegruppe, ungdomsgruppe i vekst)



Forvaltningsskikk

Forvaltningsskikk er et sett med uformelle, men etiske normer og forventninger til hvordan offentlig forvaltning skal oppføre seg i sin saksbehandling og kommunikasjon med borgerne

Sentrale prinsipp:

- Sakleg og nøytral behandling
- Ta omsyn til den enkelte
- Open og serviceinnstilt
- Effektiv og orden
- Informasjon

Helse og omsorg har god forvaltningsskikk.

Alle henvendingar vert teke på alvor, me agerer og dokumenterer.


Totalt søknadar og avslag

- 973 nye søknadar i 2025


Dette gjeld tryggleiksalarmar, område vest, aust, nord, sør, Hagahaugen, psykisk helse og rusarbeid, dagavdelinga, støttekontakt, avdeling for menneske med nedsett funksjonsevne, brukarstyrt personleg assistent (BPA), omsorgsstønad

- 79 avslåtte søknadar i 2025
- 18 bekymringsmeldingar TryggEst +10 andre meldinger som omhandler helsesituasjon. Alle er handtert umiddelbart.


Langtidsvedtak



Heimeteneste



Vedtakstid helsetenester i heimen



Figur: Vedtakstid for heimesjukepleie i alle områda og heimhjelp i område Sør.

Oppvekst

- Kva er endringane?

	Budsjettauke 2026	Innsparing
Grunnskule	18,3 mill (ned til 13,3 frå 2027)	4 mill i 2027, deretter 10 mill
Barnehage	9,2 mill (ned til 6,7 i 2027 og så 4,7 mill)	3,7 mill i 2026, deretter 6,7 mill
Barne- og fam.tenestene	32,8 mill (ned til 30,8 i 2027 og så 26,8 mill)	

Kvifor tilrår me endring?


- Dekke nye ressursbehov – realisme
- Må samtidig redusera utgiftsnivå - balanse

Barnevern

- Utgiftene har auka vesenteleg frå november 2024 grunna nye plasseringar
 - Budsjettet er auka med 20 mill.kr i 2025 grunna desse
- Auken på 20 mill.kr gjer at bruttodriftsutgifter pr innbyggjar veks med om lag 1250 kr pr innbyggjar
- Om dritsutgiftene per innbyggjar hadde vore tilsvarende høgare alleiere i 2024 så hadde Voss herad vore den kommunen som har høgast utgifter i kostragruppe 7.

Barnevern brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).




	2021	2022	2023	2024
Voss herad	4 486	4 572	4 124	4 299
Kostragruppe 07	3 116	3 099	3 145	3 215
Volda	1 677	1 984	1 990	2 229
Ørsta	2 441	2 279	2 052	2 083
Strand	3 610	3 528	3 657	3 505
Kongsvinger	3 460	3 845	3 585	3 763

Grunnskule

- Sjølv om ein har høge kostnader i forbindelse med forholdsvis mange elevar med store hjelpebehov samanlikna med andre kommunar, så ligg Voss herad like under snittet når det gjeld Grunnskulens andel av kommunens totale utgifter.
- Gitt faktorar som den desentraliserte strukturen, fleire elevar med store behov, og større utgifter til skyss ser det ikkje ut som om Voss brukar uforholdsmessig mykje på skule.
- Budsjettet til Grunnskulen vart i 2025 oppjustert med om lag 25 millionar for å tilsvare faktisk utgiftsnivå.


Grunnskule nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)



	2021	2022	2023	2024
Voss herad	18,7 %	18,9 %	19,3 %	18,7 %
Kostragruppe 07	20,1 %	19,4 %	19,8 %	18,9 %
Volda	18,0 %	17,6 %	18,6 %	16,9 %
Ørsta	18,7 %	19,4 %	19,4 %	18,4 %
Strand	19,9 %	20,0 %	19,8 %	18,5 %
Kongsvinger	18,4 %	16,4 %	17,1 %	15,5 %

Grunnskule


- Voss har over snittet fleire born med store hjelpebehov i grunnskulen - definert slik:
 - Dei må ha sakkunnig vurdering med beskriving av behov for minst 1:1.
 - Ressursen som er knytt til eleven, og kan i all hovudsak ikkje nyttast av andre elevar /klasse.
 - Må ha livslangt hjelpebehov. (Diagnose og eller sakkunnig vurdering underbygger dette.)
- I oversikten til høgre er Voss kommunen med 39 elevar med store behov og 1973 elevar totalt.
- **I skuleåret 25/26 er talet auka frå 39 - 41**



Barnehage

- Utgiftene er i nedre sjiktet samanlikna med Kostragruppa i perioden 2021 – 2024.
- Ramma til barnehagen vart auka med om lag 10 mill.kr i 2025.
- I tillegg er foreldrebetalinga sett ned frå og med august – som gjorde at både inntektene til kommunen minka og utgiftene til tilskot til private auka, dette vart justert for i tillegg og finansiert med auka rammetilskot frå staten

Barnehage brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)



	2021	2022	2023	2024
Voss herad	11,3 %	10,1 %	10,4 %	10,4 %
Kostragruppe 07	11,9 %	11,5 %	11,7 %	11,3 %
Volda	10,7 %	10,7 %	11,4 %	10,9 %
Ørsta	12,6 %	13,0 %	13,2 %	12,2 %
Strand	13,2 %	12,5 %	13,4 %	13,4 %
Kongsvinger	8,6 %	8,5 %	9,2 %	8,9 %

Tverrfagleg samarbeid og førebygging - Teknisk

- Stilla opp når nye behov oppstår gjennom året
- Prøva å vera i forkant på nye behov – samhandling mellom teknisk og andre kommunalavdelingar
- Bistå raskt når det oppstår noko akutt
- Housing first (frå bustadlaus til varig bustad), og redusera tryggheten for kommunale bustader
- Samordna på tvers når det gjeld investeringar -sjå samanhengane og dei lange linjene



Teknisk drift

- Små endringar – Trimma organisasjonen
- Redusera ansvaret til kommunen – bruka ressursane rett/rettare
- Ta betalt i tråd med kostnader - sjølvkost (byggesak), kommunale bustader
- Hjelpa bebuarar i kommunale bustad til å gjera bustadkarriere, på sikt færre kommunale bustader
- Auka ressurs Bømoen - reguleringsplan

Investeringsprosjekt

- Omsorgsbustader – kartlegge behov og levera til rett målgruppe, 0,5 mill
- Sal av eigedomar – 5 mill, så 10 mill, synleggjera forventning usikkert – kopla til gamlekinoen
- 1,75 mill til ventilasjon idrettshallen i 2027. Prioritera dette framfor solceller
- Bjørkemoen, jf vedtak heradsstyret
- Voss tinghus – grunnvatn til energikjelde – 360 000 i tilskot, resten på heradet.

Trongen for barnebustader er kartlagt og dei neste 5 åra vil me trenga mellom 5-20 nye bustader for denne gruppa.

Kultur og fritid

- **Kva er endringane?**

	Innsparing	Kommentar
	Reduksjon i stillingar 1 årsverk. Auka inntekter og ekstern finansiering	Til saman 1 million kr
Kyrkja	Overføring vert redusert med 500`	
Vossabadet	Overføring vert redusert med 300`	

Ingen reduksjon i overføring til lag, foreiningar og kulturliv.

- **Kvifor tilrår me endring?**

Me «ommøblerer» på Kulturhuset og flytter deler av ungdomsarbeidet og Frivilligsentralen dit

Får betre samordning, meir samarbeid på tvers og slik planlegg me for betre tenester.

Sjå til Voss!

- Omstilling og berekraft vert viktig i møte med framtida
- Å rekruttera og å halda på kvalifisert personale er truleg vår største utfordring i åra som kjem
- Mange moglegheiter
- Må sikra økonomisk berekraft
- Kvalitet i tenestene

Årsbudsjet 2026 og økonomiplan 2026-2029

Søk...

 Voss herad



Foto: Tor Halvorsen

Årsbudsjet 2026 og økonomiplan 2026-2029
Rådmannen sitt framlegg

Grafikk og nøkkeltal

2 048 228



Totale driftsinntekter

0,2 %



Driftsresultat i prosent av
driftsinntekter

Driftsramme for 2026



Investeringar i 2026



Endring driftsbudsjett



Utvalde nøkkeltal



Opne data



Sjå mindre



Sentrale kapitittel



Sjå til Voss!



Samandrag



Budsjettvedtak



Spørsmål?

Oppgåver i grupper (10.30-11.30)

- Oppg.1: I kor stor grad meiner de økonomiplanen bidreg til å løysa utfordringar som me står i? (Er det noko som ikkje vert handtert?) (ca.10 min)

Gå til menti.com | og bruk koden 2924 1126

- Oppg.2: Kva er det positive med budsjettframlegget? Er det noko de meiner bør endrast i prioriteringane/løyvingane? (ca.20 min)

Gå til menti.com | og bruk koden 5747 1138

- Plenum og spørsmål (25 min)
 - Oppsummering
 - Kva meiner de må vera hovudbodskapen frå folkevalde om økonomiplanen?

Grupper

Gr. 1 (Tonje sitt kontor)	Gr.2 (kantina/ Benedicte sitt kontor)	Gr.3 (møterom leiargruppa)	Gr.4 (møterom 3.etg vest)	Gr.5 (herads- styresalen)
Tonje S, Knut Ståle, Elin , eldreråd, Utdanningsforbund v/Rune	Benedicte, Sveinung , Håvard, innvanderråd	Tommy, Lars Gunnar , Sidsel, råd for menneske med nedsett funksjonsevne	Dag , Arne, Margrethe ungdomsråd	Iiril, Tonje O. , Samson, Siri, Fagforbundet v/Inge
Ingeborg, Nils Petter	Kjersti, Siren	Trude, Tor ,	Hans Erik, Attila ,	Martin, Bjørn , Mette

Uttheva politikar: Tid- og ordstyrar
Uttheva adm: Skrivar



Er det noko som bør endrast i prioriteringane?

Innspel frå gruppene

Har klart å øke rammene i grunnskule og omsorg. Spørsmål om det er nok? Ser at det er gjort grep ifht realisme i budsjettet Budsjett disiplinen avhenger av at budsjettpostene er realistiske.

Realistisk virkelighetsbeskrivelse, men ordene vi bruker om ressurskrevende brukere men må bruke ressurskrevende tjenester. Hvilke ord vi bruker påvirker brukerne våre. Ordene skaper misstillit,

Sterk og stødig - anerkjent nasjonalt opplegg. Gjennomførast i regi av kommunen. Billig tiltak som i større grad må gjerast kjent.

Sommarjobb ungdom er eit tiltak som er teke ut i framlegget. Eit godt tiltak som bør vidareførast. Viktig rekrutteringsarena.

Tidleg innsats er viktig. På lang sikt er det mykje pengar spart.

Vektlegga dei svakaste innan eldreomsorg. Pårørande sin innsats vert ikkje nemnt nokon plass. Ein stor usikkerhetsfaktor.

Hovudfokus budsjett 2026: Manglar folk og 80 mill kr på driftsbudsjett. Treng innspel til innsparingstiltak.

Forebygging er viktig. Må ha et kritisk blikk på investeringene.

Meir om rekruttering og sommarjobb; Introdusere ungdomsskule-elevar tidleg i helsetenesta. Motivera til å søkja vidaregåande skule innafor området, tilby læreplass. Kort sagt halda dei varme/motiverte

Klarar å sjå heilskapsbilete. Viktig å heva blikket. Me jobbar godt å sikra eit fungerande medborgarskap. Samskaping mellom frivillighet og kommune er viktig. Må ha nokon til å koordinera innsats

Ser me effekten av ny innkjøpsstrategi i budsjettet? Andre organisasjonar har stor hatt stor effekt med å jobba med dette. Bør framheva verknad av strategi i budsjett

Det er mykje reduksjon i eldreomsorg, ein tek for lite omsyn til demografiutvikling, viktig å balansere med born i skulen med store behov og heradet sine mål om å vere ein attraktiv stad og for alle.

Fokus på forebygging er positivt.



Folkehelsekoordinator. Finst denne stillinga lenger? Kva med eldrekoordinator?

Struktur/omsorgsbustadar vs grendasenter, kva effektar/følgjer vil etablering få? Granvin, vest

Ein reagerar kanskje ikkje på lånopptaking, men kva ein tar opp lån til.

Samfunnsutvikling og kommunekollaps (forventa og i gang i delar av landet). Støttar budsjettframlegget utfordringane (ift manglande folk og stram økonomi).

Ynskjeleg med meir informasjon om prosjekt utanom vanlege sektorar (f.eks. Bømoensaka), som vil slå inn i rekneskapet. Lån verkar inn på driftsbudsjettet.

Vanskelig å fatte vedtak utan å vite detaljar.

Gode tiltak som ligg inne som har vore etterspurt, spesielt med energisparande tiltak.

Bra med fokus på førebygging. Bra at det ikkje vert kutt i tilskot til lag og organisasjonar.

Dialog m lokalsamfunn. Eks tidl Ullensvang herad, der innbyggjarane fekk tilbod om lokal bhg i grendahus Oksenhalvøy. Lokalsamfunnet ynskte bhg der det var skulemiljø. Medførte lengre avstand (Granvin

Oppretthalde satsing på frivilligheita og førebygging. Førebygginga bør rettast mot alle - særskilt born og unge. Home Start og Housing First er gode tiltak.

Positivt og naturleg å ta lån, viktig å fullføre det ein har starta på.

Viktig å ha fokus på samararbeidet på tvers av parti.

Kutt til kom.legekontoret er positivt, spesielt dersom det er knytt til vikarbruk.

Den nye skulestrukturen legg ikkje like stor grad på liv i grendene.

Oppsummering i plenum frå grupper

- Gruppe 1
 - Rammer til kommunane er for små
 - Det er flytta midlar frå HO til Oppvekst
 - Ser tydeleg at det er satsing på tidleg innsats. Kostbart men viktig
 - Øk.plan løyser ikkje utfordringane fullt ut. Mange faktorar me ikkje rår over
 - Trekker fram at startlån er viktig, både for unge og eldre.
- Gruppe 2
 - Ser positivt på øk.plan. Men må bruka tid på å lesa å forstå meir
 - Viktig at det er synleggjort dette med førebuing
 - Låneopptak
 - Kommunale bustader og bustadprisane på Voss
- Gruppe 3
 - Atterhald at dei ikkje har lese alle detaljane
 - Auke på mange postar. Viktig med realisme
 - Tidleg innsats vert prioritert- viktig
 - Korleis vert personar bak tala omtalt
 - Rekruttering. Vert det jobba systematisk nok?
 - Drift og investering - skilje mellom dette?
 - Må prioritera prosjekt der me får eksterne tilskot til gjennomføring
- Gruppe 4
 - Diskuterte eit breidt utval av saker
 - Førebygging er viktig. Det er eit investeringsarbeid som er vanskeleg å ta høgde for i ein økonomiplan.
 - Førebygger me effektivt?
 - Mykje førebygging treng ikkje kosta så mykje
 - Prioritere me nok til unge og eldre vs aldersfør alder? Finst det prosjekt som ikkje treff godt nok
 - Ta i bruk eldre for å sikra arbeidsstokken
- Gruppe 5
 - Mykje av dei same punkta som dei andre gruppene.
 - Står økonomiplanen seg lenger enn til 15. februar?
 - Er sommarjobb tatt ut av budsjettet?
 - Innleige av tenester til brukarar med store behov. Kan me handtera det med mindre innleige?
 - Ein del av budsjett tekstane har vyer i seg som må behandlast politisk.

Vegen vidare

- Økonomiplan og årsbudsjett må vedtas før årsskiftet
- Formannskapet gjer innstilling til vedtak
 - Skal gjerast offentleg minst 14 dagar før heradsstyret si behandling
 - Tillitsvalde og vernesida kan gje uttale til budsjett og økonomiplan

Dato	Oppgåve
November	Arbeid med budsjett i formannskapet og råd
6.november	Arbeidsmøte i finansråd og formannskapet
24.november	Budsjettframlegg vert lagt ut på høyring frå formannskapet
11.desember	Behandling i Voss heradsstyre